



RADØY
den grøne øya

Radøy kommune
Kommunedelplan for vassforsyning og avløp -
Planprogram

Utgåve: 1
Dato: 2015-01-08

DOKUMENTINFORMASJON

Oppdragsgjever: Radøy kommune
Rapportnamn: Kommunedelplan for vassforsyning og avløp - Planprogram
Utgåve/dato: 1 / 2015-01-08
Arkivreferanse: -

Oppdrag: 536775 – Revisjon av kommunale hovedplanar for vatn og avløp
Oppdragsskildring: Bistand ved rullering av kommunale hovedplaner for vann og avløp (Tilbud: 015657 - Revisjon av kommunale hovedplanar for vatn og avløp)

Oppdragsleiar: Tom Christian Monstad
Fag: Vann og miljø
Tema VA-utredninger og forvaltning
Leveranse:

Skriven av: Tom Monstad
Kvalitetskontroll:

Asplan Viak AS www.asplanviak.no

INNHALDSLISTE

1	Kort om planprogrammet.....	4
2	Formål med planarbeidet.....	4
3	Rammer og føringer	4
4	Planområde.....	5
5	Planperiode	5
6	Medverknad	5
7	Viktige problemtillinger	5
8	Tilhøve til konsekvensutgreiing.....	6
9	Organisering, informasjon og medverknad	6
10	Tidsplan.....	6

1 KORT OM PLANPROGRAMMET

Eit planprogram er eit verktøy for tidlig medverknad og avklaringar av viktige omsyn i planarbeidet. Det skal angi formålet med planarbeidet, avklare viktige problemstillingar og omtale korleis planlegginga er tenkt gjennomført.

Interesserte blir bedt om å komme med innspel og synspunkt til planprogrammet. Etter ein slik prosess, og på bakgrunn av forslaget til planprogrammet, vil eit endeleg planprogram bli utarbeida. Etter at endeleg planprogram er vedtatt skal arbeidet med kommunedelplan avløp og vassforsyning fullførast.

2 FORMÅL MED PLANARBEIDET

Eksisterande kommunedelplaner for avløp og vassforsyning ble utarbeidet for perioden 2011 – 2014, og er dermed forelda. Det tas derfor sikte på å revidere kommunedelplanar for avløp og vassforsyning som grunnlag for overordna og langsiktig styring innan desse tenesteområda i Radøy kommune.

Kommunedelplanane skal understøtte kommuneplanens overordna visjon og målsettingar. Arbeidet med kommunedelplanane har følgjande mål:

- Sette opp status og stake ut vegen vidare
- Finne overordna mål for avløp og vassforsyning i Radøy kommune
- Forankre planarbeidet i kommunen
- Sikre omsyn til miljø, ressursar og samfunn
- Sikre at krav i forureiningsforskrifta bli lagt til grunn for kommunens avløpsanlegg
- Sikre nok og hygienisk drikkevatn til kommunen

3 RAMMER OG FØRINGAR

Kommunens vassforsyning og avløpshandtering skal innfri krav i overordna regelverk, deriblant drikkevassforskrifta og forureiningsforskrifta (avløp). I tillegg må kommunedelplan ivareta føringar som lagt av statlige instansar, deriblant Fylkesmannen i Hordaland og Mattilsynet.

Eksisterande planer:

- Hovudplan avløp, 2011-2014
- Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune, datert 01.09.2010.
- Hovudplan vassforsyning, 2011-2014
- Kommuneplan 2011-2023

4 PLANOMRÅDE

Planområde blir kommunalt leidningsnett med tilhøyrande installasjonar for heile Radøy kommune.

5 PLANPERIODE

Kommunedelplanane blir utarbeida med handlingsprogram for planperioden 2015 – 2018.

6 MEDVERKNAD

Forankring av planarbeidet blant kommunens politikare, innbyggjarar og næringsliv er ein viktig del av planarbeidet. Det blir derfor lagt opp til informasjon og moglegheit til medverknad og innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram (dette dokumentet) blir sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn. Det blir gitt moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet.
- Forslag til kommunedelplan vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentleg ettersyn med moglegheit for innspel før endeleg politisk vedtak

7 VIKTIGE PROBLEMTILLINGAR

Dei viktigaste problemstillingane er antatt å være:

Avløp:

- Sikre reinseløysingar i samsvar med Forurensningsforskriften, sentralt er valet av reinseløysing for utslepp ved Mangersvågen.
- Vurdere «Lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune»
- Vurdere om offentleg leidningsnettet for avløp er tilstrekkeleg utbygd og kor det eventuelt bør byggjast ut.
- Foreslå nye tiltak med tilhøyrande grove kostnadsoverslag.

Vassforsyning:

- Gjennomgang av vassforbruk og lekkasjar
- Vurdere om offentleg leidningsnettet for vassforsyning er tilstrekkeleg utbygd og kor det eventuelt bør byggjast ut.
- Vurdere lokalisering av nytt høgdebasseng ved Haukåsen og overføring mot dette bassenget.
- Fornying av leidningsnett ved Manger
- Foreslå nye tiltak med tilhøyrande grove kostnadsoverslag.

8 TILHØVE TIL KONSEKVENSUTGREIING

Vi ser ikkje behov for konsekvensutgreiing etter Plan og bygningsloven i forbindelse med kommunedelplanane. Dette fordi planane i seg sjølvé ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing etter Forskrift om konsekvensutredninger § 2, 3 og 4.

9 ORGANISERING, INFORMASJON OG MEDVERKNAD

Hovudval for plan, landbruk og teknisk er ansvarleg for utarbeidning av planane.

Etter ein tilbodskonkurranse er Asplan Viak AS valt som rådgjevar for planarbeidet.
Siv. ing. Tom Monstad er Asplan Viak sin prosjektleiar.

Rådgjevar vil stå for utarbeidning av slutt-dokument etter innspel og drøfting med Radøy kommune.

Elles blir det lagt opp til informasjon og moglegheit til innspel på følgjande vis:

- Forslag til planprogram på offentlig høyring. Det blir gitt moglegheit for innspel til både planprogrammet og planarbeidet generelt. Oppsummering og vurdering av dei innkomne innspela vil bli samle i eit eige notat.
- Hovuddokumenta, jfr. Kap. 6, vil på same måte bli gjenstand for høyring og offentleg ettersyn med moglegheit for innspel før endeleg politisk vedtak.

10 TIDSPLAN

Aktivitet	2015										2016		
	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sept	okt	nov	des	jan	feb	mar
Utlysing, høyring forslag til planprogram													
Politisk handsaming. Fastsettjing av planprogram													
Utgreiingar og vurderingar													
Utarbeidning av forslag til kommunedelplanar													
1. gongs politisk handsaming													
Offentleg ettersyn/ høyring													
2. gongs politisk handsaming													
Planvedtak													